Førsteblad 1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36.

Fylke: Sør-Trøndelag.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Tydal

Emne: Helsing, fakter, åtferd.

Bygdelag: Gressli og Aune.

Oppskr. av: K. J. Gullikstad

Gard: Gressliforsen

(adresse): Flaknan

G.nr. 165 Br.nr. 29.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter og andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Småbrukar Albert Gressli 59 år og ekspeditør Olaus Aune 88 år.

SVAR

1. Ja ved nikk med hovudet. Nei ved risting på hovudet.

2. Folk helsar på mest alle dei møter anten dei er kjende eller framande; men ein ventar at utanbygds folk helsar fyrst.

3. Nei, nokon regel kjenner ein ikkje til for dette.

4. Dei sa: „God dag. Du er ute og går?" eller berre: „Ute og går du og?"

5. Ved helsing på prest og andre embetsmenn var det vanleg å ta hatten eller huva av seg; men mest aldri for vanleg folk.

6.-7. Nei, det kjenner ein ikkje til.

8. Ved gravøl, bryllaup og ved gjesting elles etter innbeding var det handhelsing. Ingen vart sette til sides ved handhelsinga.

9. Nei, det kjenner ein ikkje til.

10. Fallfall eldre menn letta på hatten med det same klokkene tok til å ringe.

7758

11. Når likferd eller brurferd for framom, vart alltid arbeidet innstilt, og folk tok hatten av. Ofte vart det ströydd bar på vegen før likferda kom. Portar av bar- eller lauvkvister var reist for brurferda. Elles var - og er det framleis - vanleg å skyte for brurfolka når dei for heimatt frå kyrkja, men det måtte vera eit godt stykke frå bryllaupsgarden.
12. Ein kjenner ikkje til slikt.
13. Vanskeleg å seia noko klokkeslett.
14. Nei, det er ikkje usömeleg.
15. Når ein kjem og helsar god morgon etter det lid på dagen, blir det iblant svara på sköy: „De e lenge sea de va mårrån her no."
16. Det er ikkje vanleg, men nok mykje bruka.
17. „Guds fred" svart lite bruka; men alle dei andre er vanleg bruka den dag i dag.
18. Ein svara takk. Når ein takka for noko, vart det i gamle dagar ofte svara: „Signgu" eller „Gusynne".
19. Nei, ikkje vanleg.
20. Husfaren vart beden om å koma ut: „Skull ha snakka noen ord med deg."
21. Nei, det var ikkje brukeleg, men no er det mest vanleg.
22. „Kom!", „Kom inn!" „Varsågod!" seinare og berre „Ja!"
23. Ja, det var vanleg.
24. Dei tok hatt eller huve av straks dei kom inn.

7758

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

25. Dei sa: „Innpå og sett deg!" „Du må gå frå døren!"
26. Nei, det var ikkje vanleg.
27. På same måten.
28. Nei, ein veit ikkje av det.
29. Dei vart tekne i hand og ynskt velkomne til gards, ofte vart dei møtte ute på tunet eller på trappa.
30. „Takk for meg!" „Adjø!" Oftast vart det svara: „Du har ikkje å takke for."
31 a. „Du må sta på deg bra!"
b. „Du må sta på deg bra og sjå deg vel for!"
32. Nei, kyssing til farvel kjenner ein ikkje til her.
33. Ingen.
34. Nei, det kjenner ein ikkje til.
35. Nei, aldri.
36. —
37. Nei, det er ukjendt.
38. —
39. Ja, ein kallar det å gi nip.
40. Ingen regel for dette, - berre som det måtte.
41. Ja, det vart gjort, og det vart kalla å ta nipen åt barnet.
42. Ja, det var brukeleg. Ein kalla det „godkjåkkå".
43. Det vart gjort helst mellom born og vaksne som borna var glade i.
44. Ved brurvigsel, fødselsdag, høgtider og ved avgjort større handel. Vanleg uttrykk: Gratulerer!

7758

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

45. Dei sa: „God jul!" „Godt nyår!" „God påske"! „Tillykke med högtiden!" Ved barnefödsel, trulovinq og bryllaup: „Gratulerer!"
46. „De va fill så de skull vör!" „Han sitt nå högst Han som rä!" „De gjekk fort me 'n - - - "
47. Var det mykje å takke for, sa ein takk og tok av seg hũva og handtakka. Var det for kaffe, sa ein: Takk for bröd og kaffe. Born handtakka alle i hũset.
48. Nei, det vart ikkje gjort på den måten; men den avlidne vart takka ũt frå heimen.
49. Ved geip eller grin, ved klapp i baken, eller ein sjeldan gong ved at kvinnfolk lyfte opp stakken bak.
50. Dũ er vanleg; men De til embetsfolk.
51. Fv og til blir han eller ho bruka på denne måten.

Til spörsmåla i tilleggsliste til nr. 36. avskrevet.

lyt ein berre svara at det aeksemen er ũkjendt her i Tydal.

7758

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

7758